

FØRESEGNER

BYGGEOMRÅDE

§ 1

1.1 Arbeid og tiltak som nemnde i plan- og bygningslova (PBL), §§81, 84, 86a, 86b og 93, samt frådelling til slike føremål kan berre setjast i verk når området inngår i godkjent reguleringsplan.

1.2 Tekniske anlegg og gang- og sykkelvegnett må vere etablert før eller parallelt med at utbygginga finn stad.

1.3 I nye bustadområde skal det setjast av rikeleg leikeareal tilpassa ulike aldersgrupper. Leikeareala skal høve både for sommar- og vinterleik, skal få god lokalisering og vere sentrale i planlegginga. Bustad- og uteområda skal ferdigstillast samstundes.

1.4 Tidlegare vedtekne reguleringsplanar gjeld framleis.

LANDBRUKS- NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE (LNF)

§2

2.1 I LNF sone 1 gjeld desse føresegnene:

a) Bygge- eller anleggsverksemd som har direkte tilknytning til landbruksnæring samt frådelling til slike føremål er tillete. Dette gjeld også det som er naudsynt for tradisjonell utnytting av jakt- og fiskerett.

b) Spreidd utbygging er ikkje tillete med unntak av utleiehytter som skal knytast til stadbunden næring. §§ 54 og 55 i Jordlova og § 50 i Skoglova skal gjelde. Det skal utarbeidast bebyggelsesplan.

Fylgjande krav til lokalisering gjeld:

- Bygging eller vesentleg utviding av fritidshusvære skal ikkje skje
- på dyrka eller dyrkbar mark
- på skogsmark med betre enn låg bonitet
- i område med verdfulle kulturminne og område markera som verdfullt kulturlandskap
- i sentrale friluft- og aktivitetsområde eller i turløyper til sommar- og vinterbruk
- på særlege punkt i terrenget

GENERELT

§3

3.1 Arbeid og tiltak som nemnd i § 1.1 skal vera tilpassa kommunen sine retningslinjer for byggjeskikk og det lokale landskapet. Jfr. PBL §§ 74 nr 2, 92 tredje ledd og 69.

3.2 Ingen hytter skal vera større enn 85 m² medrekna alle overbygde areal som boder, uthus m.m.

Alle overbygde areal skal vera samla i eit bygg pr. tomt, og alle bygg skal vera i ei høgd.

Maksimalstorleiken gjeld også ved utviding av husvære som nemnd i 1. ledd. Alt eksisterande overbygd areal på tomta blir rekna med. Utviding skal skje i tilknytning til eit av bygga på tomta, og i ei høgd.

3.3 I byggeområda og i LNF-områda skal nybygg lokaliserast slik at avkøyrslar kan skje i samsvar med haldningsklasse påført kartet.

Kriteria for haldningsklassene går fram av rammeplan for avkøyrslar.

3.4 I 100 m-beltet langs vassdrag er det forbode å setje i verk arbeid eller tiltak som nemnde i Plan- og bygningslova (PBL), §§ 81, 84, 86a, og 93 samt frådelling til slike føremål.

RETNINGSLINER FOR HANDSAMING AV ENKELTSAKER

1. Ved arbeid og tiltak som nemnd i Plan- og bygningslova (PBL), §§ 81, 84, 86a, 86b, og 93, skal dei fagetatane tiltaket vedkjem gje fråsegn før kommunen gjer vedtak.

Før det blir gjeve løyve til tiltak på, eller i omgjevnadene rundt verneverdige bygningar generelt, må Bygningsrådet t.d. syte for at fylkeskulturetaten får høve til å gje fråsegn.

2. Bebyggelesesplanar skal handsamast som reguleringsplanar med unntak av politisk handsaming i formannskap og kommunestyre. Jfr. PBL § 27-1 nr. 2.

INFORMASJON TIL HALDNINGSKLASSER FOR AVKØYRSLER

A SVÆRT STRENG HALDNING TIL AVKØYRSLER

-Vegane skal i prinsippet vere frie for avkøyrslar. Dette gjeld og driftsavkøyrslar. Det blir ikkje gjeve løyve til nye avkøyrslar eller utvida bruk av eksisterande avkøyrslar utan at det er i samsvar med regulerings- eller bebyggelesesplan. Eit unntak er hovudavkøyrsla til gardsbruk.

B STRENG HALDNING TIL AVKØYRSLER

- Det må vera svært få direkte avkøyrslar
- Normalt blir det ikkje gjeve løyve til nye avkøyrslar utan at dei er i samsvar med regulerings- eller bebyggelsesplan. Hovudavkøyrsla til gardsbruk og reine driftsavkøyrslar er likevel unnatekne. Der det ikkje finst regulerings- eller bebyggelsesplan, kan det likevel som unntak gjevast løyve til avkøyrslar etter ein teknisk plan som vegsjefen godkjenner.

- Utvida bruk av bustadavkøyrslar bør avgrensast.

C MINDRE STRENG HALDNING TIL AVKØYRSLER

- Talet på direkte avkøyrslar må avgrensast. Nye avkøyrslar må primært tilknytast eksisterande avkøyrslar og plassert med tanke på framtidig utvikling.